

**Valle Idrottslag**

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Desse møtte:

Gunnar Brottveit

Karianne Åkre

Lise Fosså

Bjørgulv Sverdrup Lund

Elisabeth Spockeli

Ingunn Uppstad (vara)

Magnhild Tveit (vara)

Anne Liv Lidtveit (leiar)

Referat frå styremøte 30.01.2017**1/17 Årsmøte 2017****- Dato og stad**

Sylvgarden vert foreslege som stad. Dato vert sett til 23.03.17, klokka 18.00. Kan hende det vert styremøte frå klokka 17.00, sett av god tid den dagen.

Tidspunkt vart samrøystes vedteke.

- Valnemnd

Me manglar ein person til valnemnda, uavhengig av kjønnet. Det vert foreslege å spørje Kathrina Sørmo, Bjørgulv spør. Dei har leiar, nestleiar og to styremedlem som er på val.

- Kontingent og treningsavgifter

Anne Liv foreslår avgift på 1000 kr. på møykjerommet pr. år slik det er i dag, 500 kr. for studentar. Medlemskontingent er i dag på 100 kr.

Vi har i dag ingen kontroll på kven som er med på dei ulike aktivitetane. Alternativt stryke alle idrettsavgifter, men leggje til 100 kr. til på medlemskontingent.

Framlegg om ei medlemsavgift på 200 kr. Dette vert handsama på årsmøte.

- Årsmelding frå styret

Året 2016: Det vart arrangera ein open dag i hallen i 2016. Sesilåmi, Sprekleiken, Tveitebø rundt, Bispevegmarssen, opent basseng, prosjekt klubbhus er i gong, ny

leverandør av trimklær, endring av betalingssystem, styrekurs, sykling med Sondre, innebandy, kampsport og turn. Elles har ein har slite med å få nye folk til å vere med på dugnad.

2/17 Årsrekneskap

Gunnar Brottveit orienterte. Mindre overskot i år enn i fjor. 150 000 i eigenandel, det vert foreslege å sette dette på klubbhuset. Gunnar kom med framlegg om å sette 100 000 av eigenkapital som er udisponera på klubbhuset, samt 50 000 til anna kapital.

Samrøystes vedteke.

3/17 Klubbhus

Lise orienterte om søknadsprosessen, rammesøknaden er sendt inn. Anne Liv orienterte om nokre føretak som vil vere med på dugnad, samt nokon til grunnarbeid. Ein må spørje fleire, det trengs også ein til å styre prosjektet.

Anne Liv har søkt banken om gåve om tilskott til inventar til klubbhuset.

Styret tok dette til etterretning.

4/17 Eventuelt

Sondrelåmi

Anne Liv orienterte. DNT arrangerer, toppturen finn stad i Tveitebø. Bakgrunnen for toppturen omhandlar Sondre Norheim som budde i Tveitebø før i tida. Det vert topptur samt middag og underholdning på Bergtun på kvelden.

Sesilåmi

Valle IL ønskjer i større grad å få kommunen til å bidra med å arrangere Sesilåmi, på ein eller anna måte. Kommunen har mellom anna stramma inn på fri med løn for rigging av skirennet på fredagen for nøkkelpersonar, og det vert difor endå vanskelegare å utvikle skirennet vidare. Sesilåmi er over 30 år, og har lange tradisjonar i området, men opplever nå å ha store og pengesterke konkurrentar rundt seg. At ein opplever kommunen som lite samarbeidsvillige i så måte, er synd, og ein meiner det er nødvendig med tettare kommunikasjon og samarbeid i framtida. Det vert sendt ein e-post til kommunen.

Neste møtedato vert sett til 28.02.2017 klokka 18.00.

- Møtet slutt-

Lise Fosså - sekretær